

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 02.12.2021
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Kommunikasjons- og marknadsdirektør Bernt Flekke

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 3 Opning av Sjukehusapoteket Haraldsplass**

ARKIVSAK: 2021/19
STYRESAK: 27/21

STYREMØTE: 09.12.2021

Oppsummering

Sjukehusapoteket Haraldsplass (SAH) opna 17.11.2021. Det er det femte totalt i Sjukehusapoteka Vest, det 33. i landet og det første i regionen sidan 1980-talet.

Opninga vart markert på uformelt vis, med kaker, kaffi og ein snorklypp. Apotekar Kassim Adan og hans tre medarbeidarar var sjølvstilt på plass. Det var også administrerende direktør Kjerstin Fyllingen på Haraldsplass Diakonale Sykehus, Vigdis Anita Gåskjenn frå Haraldsplass Diakonale Stiftelse og administrerende direktør Jon Bolstad i Sjukehusapoteka Vest

I første omgang opna publikumsutsalet på sjukehusapoteket. Etter planen vil det frå februar 2022 bli levert medisinar og apotekvarer til heile Haraldsplass frå ein ny sjukehusekspedisjon. SAH skal også vere ein arena for å prøve ut nye løysingar og utvikle apotekenestene i samspel med sjukehuset og medarbeidarane.

Det nye sjukehusapoteket ligg sentralt plassert rett innanfor døra ved den gamle hovudinngangen til sjukehuset, i kort avstand til den nye kantina og kaffibaren som nyleg opna for alle dei 900 medarbeidarane på Haraldsplass, og dei nesten 1000 studentane ved VID vitskapelege høyskule.



Apotekar Kassim Adam, administrerende direktør ved Haraldsplass Diagonale Sjukehus, Kjerstin Fyllingen, og administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest, Jon Bolstad på snorklyppen.



Apotekar Kassim Adam bak pc-en og dei tre medarbeidarane på Sjukehusapoteket Haraldsplass (frå venstre): Thiet Kim Dang, Ahmed Ali Ibrahim og Maren Ingebrigtsen



Sjukehusfarmasøyt Maren Ingebrigtsen tok imot sine første kundar
Alle foto: Øyvind Jacobsen Røen, Sjukehusapoteka Vest